

MELAND KOMMUNE
POSTBOKS 79
5906 FREKHAUG



Dykkar ref.:

Vår ref.: bulole
Sak/dok.: 11006521/

Dato:
08.02.2017

Dokumenta har manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 23 bnr. 236 i 1256 Meland kommune

Vi har vurdert to melding til tinglysing, skøyte og erklæring vedkomande unntak frå konsesjonsplikta de har sendt inn for tinglysing. Dokumenta har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse dei.

Kva må til for at dokumenta kan tinglysast?

Eigedomen gnr. 23 bnr. 352 i Meland kommune er utan bygningar. Når en ideell part 1/2 skal overførast til Jan Ove Kollanesi ved skøyte, må de leggje ved eit skjema for eigenfråsegn om konsesjonsfridom. Dette følgjer av konsesjonslova § 4 og konsesjonsforskrifta §§ 2 og 3.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumenta inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysingslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no. På www.seeiendom.no er det mogeleg å sjå kva som er tinglyst i grunnboka. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 08700. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00.

Med helsing

Statens kartverk Tinglysing

Ole Bulling
saksbehandlar

